



Fitjar kommune

Møteinnkalling

Utval: Viltnemnd
Møtestad: Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 12.03.2019
Tid: 19:00

Grunngjeve forfall vert å melda til kundetorget på tlf 53 45 85 00, som syt for innkalling av varamedlemar.

Varamedlemar møter kun etter særskild innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Karen Elisabet Rydland Sæbø	Medlem	SP
Arne Vestvik Pedersen	Medlem	
Terje Aleksandersen	Leder	AP
Karl Andre Rydland	Medlem	
Randi Dalen	Medlem	SP

Varamedlemar	Funksjon	Reprenterer
---------------------	-----------------	--------------------

Terje Aleksandersen

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur.

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 1/19	Resultat for jakta i 2018	033
PS 2/19	Ymse	033

**SAKSFRAMLEGG****Resultat for jakta i 2018**

Utval sak	Utval	Møtedato
1/19	Viltnemnd	12.03.2019

Bakgrunn:

Tilbakemeldingane frå valdansvarlege i kommunen har vore varierende, ein del valdansvarlege har utført ein sær god registrering i Hjorteviltregisteret og ført, sett hjort, slaktevertar og felte dyr, men ein del valdansvarlege har og vore purra, skriftleg og pr. telefon, for å få inn tala for jakta.

Det er såleis ikkje alle valda som har gode tal for jakta i 2018.

Vi ser det som naudsynt at valdansvarlege/representantar for valda fører, sett hjort, slaktevekter mm. Det må og utarbeidast ein mal for korleis ein fører jaktstatistikk i hjorteviltregisteret.

Tildelte og felte hjort

År 2018	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hunnkalv	Felt hanndyr 1 ½ år	Felt hunndyr 1 ½ år	Felt hanndyr eldre	Felt hunndyr eldre	Felt totalt	Fellingsprosent
Fitjar	7	1	1	2	2	1	0	7	100,0
Landa Årskog	7	2	1	1	1	1	1	7	100,0
Gloppo Sandvik	6	0	2	0	0	2	2	6	100,0
Levåg	10	1	2	2	2	1	2	10	100,0
Vik/Nesbø/Vestbøstad	19	2	3	4	1	3	3	16	84,2
Vestre Osternes	8	2	1	2	1	2	1	9	112,5
Engevik Hovland	7	2	1	1	1	1	1	7	100,0
Fonno	9	2	1	2	3	1	0	9	100,0
Ivarsøy	2	0	0	0	0	0	0	0	0,0
Fitjar Fjellsameige	15	3	2	2	6	2	0	15	100,0
Søre Stranda	18	1	2	5	2	4	3	17	94,4
Rimbareid	8	1	0	1	1	3	2	8	100,0
Øvrebygda storvald	95	12	11	26	22	11	10	92	96
Siglo	2	0	0	0	0	0	0	0	0,0

Bestandsutvikling

	År	2016	2017	2018	Gj.snitt
Sett hjort pr. jegerdag		1,57	1,53	1,90	1,67
Sett kolle pr. bukk		1,15	1,06	1,22	1,14
Sett kalv pr. kolle		0,71	0,68	0,60	0,66
Sett spissbuk pr. bukk		0,58	0,50	0,40	0,49
Prosent bukker felt av sette bukker		16,54	13,81	16,00	15,45
Prosent koller felt av sette koller		9,12	11,62	12,41	11,05
Prosent kalver felt av sette kalver		8,76	13,48	15,23	12,49
Antall jegerdager		567	804	577	649,33
Jaktfelt som har levert skjema		14	17	14	15,00

Framlegg til vedtak:

Valdansvarlege i Fitjar kommune førar jaktstatistikk, for det valdet dei representantar. Det må vidare utarbeidast ein mal for korleis ein førar jaktstatistikk i hjorteviltregisteret.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



SAKSFRAMLEGG

Ymse

Utval sak	Utval	Møtedato
2/19	Viltnemnd	12.03.2019

Bakgrunn:

Endring av minsteareal for hjort i Fitjar kommune.

For å halde tritt med den vaksande hjortestammen bør viltnemnda i Fitjar kommune vurdere ei endring av forskrift om minsteareal.

Fastsetjing av minsteareal skal avgjerast av kommunen ved lokal forskrift, jf. Hjorteviltforskrifta §6 første ledd.

Med bakgrunn i gjeldande minsteareal som er 750 da, for kommunen, har me dei siste åra tildelt løyve etter regelen i hjorteviltforskrifta §7 fråvik frå minstearealet. Den opnar for inntil 50 % fråvik frå minstearealet pr. fellingsløyve.

I kommentarane til hjorteviltforskrifta heiter det at ved fråvik frå minstearealet over lengre tid bør kommunen vurdere ein forskriftsendring i staden for å nytta §7. Fastsetjing av minsteareal er eit av dei viktigaste verkemidla ein har for bestandsregulering.

Eit mindre minsteareal gjer det mogleg å tildela fleire fellingsløyve etter hovudregelen i hjorteforskrifta. Samstundes vert det mogeleg unntaksvis å nytte regelen om fråvik frå minsteareal §7 i hjorteviltforskrifta.

Endringar i minstearealet gjer det mogeleg for kommunen å ha ei meir differensiert og fleksibel forvaltning i tråd med overordna mål for forvaltninga.

Vurdering/konklusjon

Viltnemnda i Fitjar kommune ønsker å redusera minstearealet for felling av hjort, frå 750 da pr dyr til 300 da pr dyr for kommunen.

Framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Fitjar kommune går inn for at det bør settast i gang arbeid med ei endring i Forskrift om minsteareal for hjort og at slik plan vert lagt ut på offentleg høyring.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.